

Det Kgl. Landbruks- og matdepartement

Vår ref
2015/3/1/

Deres ref:

Saksbehandler
Ole Aasaaren
61215484

Dato
08.01.2015

Høyring - Oppheving av konsesjonsloven og buplikt. Uttale frå Regionrådet i Nord-Gudbrandsdal.

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring eit forslag om å oppheve konsesjonsloven og buplikta utan å bli erstatta av andre reglar. Det medfører at også reglene om buplikt i odelsloven (§§ 27 og 28) også blir foreslått oppheva. Høyringsfristen er sett til 15. januar 2015.

Vurdering:

Konsesjonslovens har utvikla seg gjennom fleire tiår og har ein formålsparagraf som fokuserer på kor viktig arealressursane er for samfunnet og då spesielt for biomasseproduksjon (mat og fiber). Loven har fleire perspektiv. Det å tenke langsiktig er heilt sentralt.

Punkt fem i § 1 har fokus på busetting. Dette er relevant i.o.m. at det i dag berre er ca. 40 000 som søker produksjonstilskott medan talet på bebygde landbrukseigedommar er 171 400. Det betyr at det er ein stor ressurs med landbrukseigedommar med bustader, som ikkje direkte er retta mot næringsinntekt frå landbrukseigedommen. Busetting på desse bruka er viktig for ivareta busetting i mange grender og fører samstundes til mindre utbyggingspress i sentrum. Busetting er og viktig for ivaretaking av bygningsmassen på landbrukseigedommane, sjølv om bruk av eigedommane i fritidssamanheng også vil kunne ivareta bygningsmassen. Regionrådet i Nord-Gudbrandsdal har eit 3-årleg prosjekt som har som mål å busette "ledige" gardsbruk. Prosjektet er mellom anna støtta av KRK.

Når det gjeld prisar på landbrukseigedommar i mange distriktskommunar så er det ikkje konsesjonsloven og prisvurdering som held prisane låge, men marknaden. Det same gjeld pris på bustader utanfor sentrum. For bebygde landbrukseigedommar er det i vårt distrikt sjeldan at det blir gjeve avslag på søknadar p.g.a. for høg pris. Men nærmar ein seg «pressområde» er situasjonen ofte annleis.

Ved erverv av landbrukseigedommar i dag skal det leggast vekt på om ervervet inneberer ein driftsmessig god løysing. Dette er spesielt viktig ved kjøp av tilleggsjord og eigedommar som skal nyttast berre til bustadformål eller fritidsbruk. Det er mulig å gje føringar på korleis ein ønskjer at driftseiningane skal sjå ut. Dette gjer at ein ofte får søknader som gir ein driftsmessig god løysing. Der det ligg føre delingssaker

Postadresse
Skansen 7
2670 Otta
E-post: e-post@regionkontoret.no

www.nord-gudbrandsdal.no

Bank
2105.07.28568
Org.nr
976 634 845

kan ein regulere dette i delingssaken, men der det ikkje er tale om deling blir det i dag regulert i konsesjonssaken.



Forskrifta gir kommunane muligheit til å arbeide aktivt for busetting på alle eigedommar, uavhengig av om eigedommen er over eller under konsesjonsgrensa. Forskrifta gjer det mogleg for kommunen å ha ein samordna politikk i forhold til busetting i samband med eigarskifte. Kommunen sender på sett og vis ut eit signal til alle partar (seljar, kjøpar, meglar, takstpersonar osb.) i samband med eigedomsoverdraging; at ein ønskjer busetting på eigedommar der det ligg til rette for det.

Konsesjonsloven har få avslag. Det betyr at dei fleste følgjer intensjonen i loven og rettar seg etter han. I samband med eigedomsoverdragingar blir det ofte gjeve rettleiing til seljar og kjøpar. Det kan sjå ut som om loven fungerer etter målsettinga.

Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal syner til dei vurderingar og vedtak som er gjort i kommunane Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk, og går imot oppheving av dagens konsesjonslov og vil spesielt nemne følgjande om gjeldande konsesjonslov:

- *Gir muligheit til å regulere erverv av fast eigedom innafor lovens rammer*
- *Framtidsperspektivet i loven er i tråd med den langsiktigheit forvaltning av arealressursar krev*
- *Sikrar muligheit for lokalt eigarskap til ressursar i eigen kommune*
- *Sikrar muligheit for lokal forvaltning av arealressursgrunnlaget i eigen kommune ved at eigarane i hovudsak bur i kommunen.*
- *Prisvurdering av eigdomsverdi og ikkje marknadsverdi gjer der enklare for nye brukarar å kome inn i næringa.*
- *Gir muligheit til regulering av pris på tilleggsjord, slik at avkastingspotensialet blir avspegla i pris, noko som bidrar til å sikre lønsemda.*
- *Gir muligheit til å sikre at erverv av tilleggsareal gir driftsmessig gode løysingar*
- *Gir muligheit til å utnytte bebygde eigedommar vidare til busetting*
- *Plan- og bygningsloven, jordloven og konsesjonsloven utfyllar kvarandre*


 Steinar Tronhus
 Ordfører i Lesja


 Bjarne Eiolf Holø
 Ordfører i Lom


 Bengt Fasteraune
 Ordfører i Dovre


 Rolv Kristen Øygard
 Ordfører i Skjåk


 Dag Erik Pryhn
 Ordfører i Sel


 Iselin Jonassen
 Ordfører i Vågå